



Jobbnorge-ID: 275536
Søknadsfrist: 22.04.2025
Nettside: <https://www.sveio.kommune.no/>
Omfang: Heltid
Varighet: Fast

Rådgjevar arealplanlegging - to stillingar

Om stillingane

Sveio kommune har ledig to faste 100 % stillingar ved eining for plan, eigedom, byggesak og landbruk frå april/mai 2025. Det er i dag 9,35 årsverk ved eininga med ansvar for tenester innanfor arealplanlegging, byggesak, kart/oppmåling/GIS, landbruk/skogbruk, naturforvaltning, miljøvern, viltforvaltning og beredskap.

Arbeidsoppgåver

- sakshandsaming innanfor fagområdet
- oppfølging av planprosessar og planvedtak
- deltaking i andre arbeidsoppgåver, prosjekt eller sakshandsaming som ligg til eininga

Kvalifikasjonar

- utdanning frå universitet eller høgskule
- erfaring frå eller kjennskap til plan- og forvaltningsrett er ein fordel
- gode datakunnskapar og kjennskap til digitale kartløysingar
- relevant praksis innanfor fagområdet og frå offentleg forvaltning er ønskjeleg
- førarkort kl. B (og helst kunna stilla bil til disposisjon for køyring i tenesta)

Personlege eigenskapar

- interesse, engasjement og god kompetanse innanfor fagområdet
- evne til å arbeida sjølvstendig, strukturert, målretta og kunna ta raske avgjerder
- stor arbeidskapasitet og evne til å trivast i ein hektisk kvardag
- god på samarbeid, til å lytta og å kommunisera skriftleg og munnleg
- initiativrik og løysingsorientert

Me tilbyr

- utfordrande stilling med spennande arbeidsoppgåver som er grunnlag for samfunnsutvikling i ein attraktiv region.
- triveleg og tverrfagleg arbeidsmiljø med høg kompetanse
- ordning med fleksibel arbeidstid
- løn etter avtale og gode forsikrings- og pensjonsordningar
- godtgjersle etter gjeldande satsar ved bruk av privat bil i tenesta

Om Sveio kommune

Sveio kommune ligg sentralt mellom bykommunane Stord og Haugesund - og midt i storregionen mellom Bjørnafjorden og Boknafjorden.

Dei vel 5.750 innbyggjarane i kommunen har kort veg til dei fleste servicefunksjonar i tillegg til ein stor og variert arbeidsmarknad i Sunnhordland og på Haugalandet.

Sveio kommune er kombinasjonen av landleg idyll og urbane kvalitetar, og kan tilby eit breitt og aktivt idretts- og kulturliv saman med eit næringsliv i vekst.

Tilleggsinformasjon

Kontaktperson:

Bjarne Hetlesæter, Einingsleiar
Telefon: +4797704825 | E-post: bjarne@sveio.kommune.no

Arbeidssted:

Sveiogata 70 5550 Sveio (Sveio Kommune)